



Nr 2 * Årgang 29

Kolset Tidende

Desember 2025

Contents

Styret har ordet	3
Julekonsert	4
Smalsarhorn Skulemusikk – 2025 anno 1982	5
Innkalling Til Årsmøte 2025 Rugsund Skyttarlag.....	7
Haustrapport frå Seniordansen.....	8
Litt Frå Barneidretten	10
Velkomne til juletreffest.....	12
Kystlaget Hornelen tilbake på Guldebuda igjen.....	13
Eit aktivt år for Kolset sanitetforening!	14
Dei frivillige i omsorgsberedskap i Bremanger kommune var samla til første temakveld på Kolset oppvekst, 18. november 2025.....	15
Kaffistund	16
Informasjon frå husstyret.....	17
Åpningstider Leirgulen handel Julia 2025	18
Kolset barnehage hausten 2025	19
Musikkverkstaden	21
Eigedomslanđmålaren i Bremanger	22
Litt frå Leirgulen idrettslag	24
Advent Og Jul I Rugsund Kyrkje	26
Gloføk	27
Julebasar med Smalsarhorn skulemusikk 30.11.2025	28



Styret har ordet



Juleutgåva av Kolset Tidende er, tradisjonen tru, komen i postkassene før 1. helga i advent.

I avisa får vi, mellom mykje anna, informasjon om ulike arrangement i desember. Håpar tilboda blir tekne godt imot, med god deltaking. Det er fint å kunne møtast til sosiale samankomstar i «mørketida», noko som òg kan vere med å gjere både advent og romjula til ei fin tid for alle.

I haustsemesteret har styret delt litt tankar internt, om kva vi kan gjere for å engasjere fleire som sit med idèar, og har interesse for å jobbe med bygdeutvikling. Vi har prøvd å danne ei arbeidsgruppe, som har lyst å arbeide med temaet «bulyst. Anten med fokus på bustadar eller trivselstiltak som synleggjer Kolset krins som ein god plass å bu. Vi har ikkje lukkast i dette enno. Men det er ikkje for seint. Om nokon som les dette kan tenkje seg å vere med, så ta kontakt med ein i styret.

Ei tilbakevendande problemstilling er hus å bu i, for dei som vil flytte hit. Dette gjeld heile kommunen og prosjektleiar for tilflyttarkontoret har teke kontakt med grendalaga, med invitasjon til dialogmøte om husmangel. Om du har, eller veit om ein bustad til utleige eller til salgs, så ta gjerne kontakt direkte med tilflyttarkontoret eller med ein av oss i styret for KKU. Vi kan vidareformidle informasjon.

Fyrste søndag i advent blir julegrana tent på Kolset oppvekst. Dette skjer i samband med SSM sin basar. Så denne ettermiddagen blir det mange fine juletonar både inne og ute, som set oss i julestemning og minner oss om den gode adventstida vi går inn i.

KKU har kjøpt nytt juletre til gym.salen. Det blir pynta og arrangert juletefest 3. juledag!

Styret ynskjer alle ei fin adventstid og ei riktig GOD JUL, med ynskje om alt godt for det nye året!





Julekonsert

VELKOMMEN TIL JULEKONSERT I RUGSUND KYRKJE
LAURDAG 6. DESEMBER KL 16

Lokale aktører vil gje oss julestemning og ei musikalsk oppleving.

HJERTELIG VELKOMMEN

Arr: Rugsund sokneråd og Brunhilde

Smalsarhorn Skulemusikk – 2025 anno 1982



Smalsarhorn Skulemusikk er vi som gleder bygda vår med korpsmusikk heile året. Vi spelar og øver i lag med Davik Musikklag. Unge som eldre. Og så hjelper vi kvarandre med arrangement i dei to bygdene våre.

Johnny Sælemyr er vår faste og trufaste dirigent, som må tåle litt støy og ablegøyer frå oss 😊

15. Mai vart vi spurt om vi kunne spele på åpninga av galleriet på Davik. Fleire stilte opp, og det vart ei høgtideleg og kjekk stund.

17. Mai hadde vi ein fantastisk dag, og vi er veldig stolte over å få bidra med korps musikk på nasjonaldagen vår.



5. Juni spelte vi på Generasjonsleikane på Davik. Veldig kjekt å blir spurt, og å få vere med 😊



I juni reiste to ungdomer og ein vaksen frå korpset til Danmark i lag med Florø Skoles Musikkorps og Brekke skulemusikkorps. Der deltok dei i Nordsjøfestivalen i Blokhus. Korpsa imponerte stort og tok heim 1. plassen i programkonkurransen og ein sterk 2. plass i Gatemarsjkonkurransen. Dette var ein fantastisk prestasjon, mykje moro og speleglede. Der vart det skapa minner for livet.

Mange av ungdomane og nokre vaksne har vore med på Feriespelet som i år vart arrangert i Svelgen. Dette er ein flott sosial arena der vi får utfolde oss litt, får nye korpsvenner og vere med på lek og moro.

I tillegg arrangerte vi julemesse i lag med musikkverkstaden 8. november, med stadig nye rekorder av salgsstand og besøkande. Kjekt å vise fram bygda vår og dugnadsinnsatsen vår til andre 😊

På årets årsmøte vart det diskutert medlemstalet vårt. Nokre av oss er begynt å bli godt vaksne, og vi ser at dersom vi ikkje får meir rekruttering, så har vi ikkje korps om nokre år framover. Ikkje alle av oss kjem til å orke å halde på når vi nærmer oss 70 😊

Så har du litt musikk i magen, så er det bare å bli med. Vi kan hjelpe til med ekstraundervisning/oppfriskning.

Ta kontakt med ein av oss i styret om du ønsker å bli med eller har spørsmål! Vi treng alle som kan bli med!

Smalsarhorn skulemusikk øver mandagar frå kl. 18.30 til 20.30 på Kolset oppvekst.

No gledar vi oss til julebasar 30. november, julekonsert i Rugsund kyrkje 6. desember og Davik kyrkje 7. desember.



**VI MÅ OG RETTE EIN TAKK TIL ALLE
SOM HAR STØTTA OG MØTT OPP PÅ ARRANGEMENTA VÅRE.**



Registrer gjerne Smalsarhorn skulemusikk Org.nr. 977 512 263 som mottakar av din Grasrotandel - eit godt økonomisk bidrag til det frivillige arbeid for musikk i krinsen vår.

Helsing frå oss i Smalsarhorn Skulemusikk

Merete Storøy, Bodil Strømmen Edvardsen, Marie Sundal Leirgulen,

Beathe Leirgulen og Siv Holmøy.

VI ØNSKER DYKK ALLE EI GLEDELEG JUL, OG EIT RIKTIG GODT NYTTÅR

Innkalling Til Årsmøte 2025

Rugsund Skyttarlag

Årsmøtet i Rugsund skyttarlag blir torsdag 11. desember 2025 kl. 18:00 på skytebana i Snekkevika

Sakliste:

- Godkjenning av innkalling og sakliste
- Val av ordstyrar, møtereferent og to til å skrive under møteboka
- Årsmelding
- Rekneskap 2025
- Arbeidsplan 2026
- Medlemskontingent 2026
- Budsjett 2026
- Innkomne saker
- Val

Saker til handsaming på Årsmøtet må være styret i hende innan tysdag 09. desember.
Servering av kaffi, brus og noko attåt

Vel møtt!

Styret RSL



Det Frivillige Skyttervesen

Haustrapport frå Seniordansen

Vi starta opp att etter ferien 2. september, og det var godt å kunne møtast igjen til dansetrim. Frammøtet varierer litt, for pensjonistar er ofte på tur eller har viktige gjeremål, men vi er 12-14 på «det jamne». Håpet vårt er sjølvsagt å rekruttere nye dansetrimmarar.

3. juni hadde vi sommaravslutning, og turen gjekk til Åheim-området. Vi starta med buffé på Kvilehytta, der vi har vore før, og vi vart svært godt nøgde denne gongen og. Etter denne pausen gjekk turen ned til Åheim og opp i Almklovdalen. Då køyrde vi forbi olivinsteinbrotet, og fleire av oss plukka med ein suvenir heim. På ein eigna plass tok vi ein kaffistopp med noko attåt, stor takk til Brita.

På Åheim hadde vi gjort avtale om eit besøk i St. Jetmundkyrkja med dyktig forteljar. Opphavelag stod det ei steinkyrkje på denne staden som truleg var bygd på 11-hundretalet, men i kyrkelova frå 1851 kom det krav om at ei soknekyrkje skulle ha plass til ein tredel av soknefolket, og då vart denne kyrkja for lita. Resultatet vart at kyrkja vart riven i 1863. Steinen vart nytta i andre bygningar, og på kyrkjegarden stod



det berre att restar av grunnmuren. Oppattbygginga starta i 1930-åra, og i 1957 vart kyrkja nyinnvigsla. Murane er 1,5 m tjukke. Det gav oss ei spesiell kjensle å sitje i denne unike kyrkja og få fortalt historia om den engelske helgenkåra kongen Edmund (død 870), som har gjeve kyrkja namn. Vi tek med bilete der vi ser fram i altaret, preikestolen og gjengen som var på tur.

Det faste besøket vårt på Klokkartunet gjennomførte vi 26. oktober. Då var vi 14 dansarar, og vi hadde både ringdansar og pardansar til fengande musikk. Midt i økta var det lang kaffipause saman med bebruarane. Vi fekk servert to nydelege kaker som vi takkar hjerteleg for. Tek med bilete frå langbordet, og beklagar at dei som sat rundt sofabordet, ikkje vart fotograferte.



Vi har bestemt juleavslutning på hotellet i Svelgen, og denne blir torsdag 4. desember kl 18. Vi har påmelding til Brita, og viss andre enn dei faste har lyst å vere saman med oss denne kvelden, må de berre melde dykk på.

Seniordansen ønskjer alle lesarane fin adventstid og god jul!

Litt Frå Barneidretten

Friluftslivets år, så vi starta årets barnetrim sesong på den nyoppussa Blålidflaken. Mange store og små møtte til ei kjekk stund med pølse med brød, natursti og ei sosial leikestund.



Det er trim kvar onsdag. Barnehageungane har frå kl. 17.00-18.00 og 1.-7. frå kl. 18.00-19.00 i gymsalen på Kolset oppvekstsenter. Alle som har lyst til å vere med i dei aldersgruppene er hjarteleg velkommen ☺

Ungane er veldig glade i å kle seg ut, så 29. oktober samla vi trimgruppene og lagde til ei småskummel stemning i gymsalen 🎃 Her vart det mykje leik og moro, og servering av fruktspyd og smoothie til alle saman.



No gleder vi oss til Nissemarsj, og forhåpentligvis snøaktivitetar

Helsing oss i barneidretten ☺





Velkomne til juletrefest

på Kolset oppvekst
laurdag 27. desember
kl 15.00 – 17.00

Vi inviterer til ein tradisjonell juletrefest med :

- Litt underholdning
- Song og musikk
- Juletregang der vi syng dei gode gamle julesongane
- Matøkt
- Så reknar vi med Nissen vil kome.....

Prisar :

Barn 0 -10 år		Gratis
Barn/ungdom	11 – 16 år	Kr. 50,-
Vaksne		Kr. 100,-



Komitèen ordnar med noko å bite i til kaffien, så de treng ikkje ta med eigen mat.

VELKOMNE

Arr. KKU

Kystlaget Hornelen tilbake på Guldebuda igjen



I samband med sal av egedomen gbnr. 92/3 vart det mogeleg å dele frå arealet med Gulebuda og Hansbuda, ca. 1,4 da., slik at Kystlaget Hornelen kunne kjøpe denne delen av sjøarealet. Kjøpet er formelt stadfesta og kystlaget står no som eigar.

Det er stort for oss å stå som eigar av eit anlegg som syner ein viktig epoke i vår fiskerihistorie. Kystlaget har tidlegare skaffa betydelege med midlar, og lagt ned mykje dugnadsarbeid for å berge denne kulturarven, saman med tidlegare eigar Albert Bakke.

Vi står no framfor ein stor oppgåve med rydding, registrering av gjenstandar knytt til tidlegare aktivitetar, og oppgradering av uteområdet. Eit utval av gjenstandar frå sildeeventyret vil bli stilt ut. Gamle båtmotorar skal pussast støv av og samlinga av båtar i kystlaget sitt eige vil bli sett inn i Gulebuda og Hansbuda. Vi vil sjølvstøtt halde fram med det gode samarbeidet med Bremanger kommune, der vi tilbyr aktivitetsdagar for barneskulane i kommunen. Det er og håp om å starte opp igjen åpne dagar for bygdefolket.

Kystlaget Hornelen håper på eit godt samarbeid med lokalbefolkningen, og dei som gjerne vil vere med i vår organisasjon er hjarteleg velkomne.

Vi vil utpå våren invitere til eit åpent møte der vi syner fram noko av det vi held på med, og informerer om planar vidare framover. Kanskje det er nokon der ute som kan komme med gode innspel.

Med vennleg helsing

Sigmund Larsen

Eit aktivt år for Kolset sanitetforening!

Laurdag 13. sept. var det Utvandrarjubileum og fullt hus i Kolset Oppvekst. Sogenemnda i Bremanger kommune var hovudarrangør. **Kolset Sanitetsforening** stod for kafédrift med sal av tradisjonsrik mat, rømmegraut, og spekemat, sveler, kaker og kaffi.



Kjekt med lokale aktørar i skodespelet
Vi takkar så som Grete Bertzen hadde regien på.
Hjarteleg dei to dyktige karane som hjelpte oss!



Kafékomitéen (Margunn var og med).

«Vi over 60», 4. november 2025.

Denne gongen samla vi oss i det «nye» store møterommet ved sidan av kjøkenet. Her fekk vi plass til både «Havtrekkjen» og «Den norske trekkspelklubben». Det vart ei koseleg stund med musikk og allsong, litt påminning om eige beredskapslager, koselege og interessante historier frå «gamal» tid i bygdene våre, litt om «kvinnehelse» som styret har vore på seminar om i haust, og ei god og lang matpause. Hjarteleg takk til alle spelemennene!







Dei frivillige i omsorgsberedskap i Bremanger kommune var samla til første temakveld på Kolset oppvekst, 18. november 2025



Styringsgruppa i Bremanger Omsorgsberedskapsgruppe består av fire sanitetskvinner, ein frå kvar av dei fire sanitetsforeiningane i Bremanger kommune, Davik, Svelgen, Bremanger og Kolset. Det er styringsgruppa, på vegne av dei fire sanitetsforeiningane, som drifter Bremanger omsorgsberedskapsgruppe. Anette Midtbø er leiar i omsorgsberedskapsgruppa. Sjukdom og mykje snø hindra ein del i å møte, men av 55 frivillige, var vi 33 stk.



Sølvi Joensen, nestleiar i Bremanger omsorgsberedskapsgruppe leia oss flott gjennom kvelden. Beredskapskoordinator Marcel Meijer fortalde om kommunen sin beredskapsplan. Norske Kvinners Sanitetsforening sitt nettkurs om psykososial støtte og ivaretaking av frivillige vart gått gjennom. Etter at gruppa hadde inngått avtale med Bremanger kommune, gjennomførte dei ei varslingsøving i juni 2025 som vi fekk resultatet av. Flott resultat som viste at dei frivillige tek oppgåva på alvor. Dei frammøtte hadde samtale rundt beredskap – å skaffe seg ein beredskapsven. Samarbeid og fellesskap er viktig i kriser. Det kan vere lurt å samarbeide med familie, vener eller naboar om eigenberedskap. Kolset sanitetsforening fekk takk og ros for å ha stått i bresjen for å få til dette samarbeidet, der ein har ei omsorgsberedskapsgruppe i staden for fire.

Fint for dei frivillige å få møtast!

Kaffistund

Det var juli, ein fineversdag
Sanitetskvinner var klar:
La oss gå heim og begynne å bake,
for no treng vi både kaffi og kake.

Vi skal be inn til kaffistund-
på vakre Gloføk, på kyststripegrunn.
Fram med namnelista, klar med mobil:
Velkomne til kaffidrøs, om de vil!



Med sola og sjøen som glitrande ramme
kunne pensjonistane møtest her framme.
Programmet var maten og drøsen rundt
borda.

«Dette var kjekt!»

Ja, fleire takka med dei orda.

Så når «vårsol i bakkane blenkje»
kan kanskje vi møtest igjen?
Sunt det er for alle, vi tenkje,
kunne veksle nokre ord med ein venn!



Informasjon frå husstyret

Lager:

Husstyret har flytta 17. mai skapet frå Hukken i gym.salen til lageret i det store møtelokalet ved kjøkkenet. Her står arkivskapa som Musikkverkstaden og Saniteten har fått med Mowi. I tillegg til 17. mai skapet, står der eit skap til juleutstyr og eit skap til diverse; skøyteledningar , vaktvestar, og anna «småutstyr». Dei store pannene og rømegrautkassene er òg plasserte her.

Vi har kjøpt inn fleire traller, dei er plasserte på lageret. På ei av trallene er stettglassa plasserte. Er det noko anna de saknar på kjøkkenet, så sjå på lageret!

Dugnad – den årlege dugnaden på kjøkken og gym.sal, har vi sett til **tysdag 13. til tysdag**

Laga som brukar skulen stiller med 2 repr. Vi sender ut påminning etter nyttår.

Vi vil òg minne om nokre rutiner etter bruk av gym.salen til ulike møter/gym. salen

- Sceneteppet skal vere fråtrekt etter bruk. Det er berre nettingen som skal henge fram for sceneopninga.
- Pass på at høgtalarane ikkje står i sceneopninga.
- Hugs å skru ned varmen før ein går heim.

Husstyret

Åpningstider Leirgulen handel Jula 2025



Laurdag 20.12	10-15
Søndag 21.12	stengt
Måndag 22.12	10-17
Tysdag 23.12	10-17
Julafta (onsdag)	10-13
1.juledag	stengt
2.juledag	12-15
Laurdag 27.12	10-15
Søndag 28.12	12-17
Måndag 29.12	10-17
Tysdag 30.12	10-17
Nyttårsafta (onsdag)	10-15
1.nyttårsdag	stengt
Fredag 2.1	10-1

Sal av fyrverkeri: 28.12-31.12

NB: Vi har åpent søndag 28.12!

Vi ynskjer alle våre kunder ei riktig god jul, og eit godt nyttår. Tusen takk for handelen i år, vi sjåast att i 2026!

Helsing Avital og Therese

Kolset barnehage hausten 2025

Kolset barnehage har hausten 2025 8 barn i alderen 2-5 år. Vi kosar oss i lag og finner på kjekke aktiviteter. Dette er noko av det vi har gjort på gjennom hausten:

I haust har vi jobba med «Livet i havet» og boka Taremareby. Der har vi blitt kjend med mange ulike fiskar. Vi har til og med smakt ekte krabbe!



I oktober jobba vi med FORUT-barneaksjon. Der blei vi kjent med Sanjana frå Sri Lanka.

Vi lærte om mangfold, dyreliv og problematikken med plast i havet.

28.10 Avslutta vi prosjektet med basar i gymsalen.

Vi trivst framleis godt på tur. Førskulegruppa har blant anna vert i Blålida og Bortnedalen.

13.11 var vi på Kafè på butikken.





I november har vi jobba med boka Pinnemannen av Julia Donaldson.

Her lagar dei yngste eigne pinnemannar, mens førskulegruppa lagar pinnemann-pøls

No gler vi oss til førjulstid.

I desember skal vi ha juleverkstad i barnehagen med føresette og familie.

Vi skal markere Lucia på butikken 12.12.

Og reise i kyrkja på julesamling.



Tusen takk til Ode Bremanger for nye refleksvestar!

Vi ønskjer alle ei fin førjulstid.

Helsing
Kolset barnehage

Musikkverkstaden

1. Musikkverkstadens styre 2025

Leiar: Rune Leirgulen

Nestleiar: Per Helge Olsbø

Sekretær: Bertil Olsbø

Kasserar: Irene Storøy

Styremedlem: Gunnhild Lofnes

2. Bygdebøker

Dei siste to åra har Saniteten og Musikkverkstaden jobba med å få samla inn og få i stand ei sikker lagring av bygdene sine ulike bøker, frå dei ulike laga som har vore i krinsen. Desse har i stor grad vore ute blant folk i krinsen, og for å sikre historiens gang syns vi det var viktig å få dei inn på Kolset Oppvekstsenter i eit brannsikert skap. Vi fekk tilbod frå Jon Arild Dale frå Mowi, om å overta to brannsikre arkivskap frå dei, og no i oktober vart dei frakta på plass på Kolset Oppvekst av Jon Arild og hans karer på Mowi.

Ei stor takk til dei for både skapa og jobben med å få dei på plass.

No er Bjørg Olsbø og Margunn Solvang i full gang med å samle inn bøker og anna dokumentasjon frå bygdene. Vi håper etter kvart å få på plass det meste av dei ulike laga sine lagsbøker. Dersom du har, eller kjenner nokon som har bøker frå Ungdomslaga, Idrettslaget, Søndagsskuler, Barneforeningar, Koret, Skulemusikk/Musikklag m.m. so ta kontakt med desse to eller meg.

Rune Leirgulen

-Musikkverkstaden-

Eigedomslandmålareren i Bremanger

Ingeniør og musikant Kristin Iselin Lund (33) kom til Bremanger og Leirgulen for 4 år sidan, så no var det på tide at Kolset Tidende tok ein prat med henne.

Kristin er frå Vorland på Sotra. Der budde ho saman med foreldre og to brør til ho var ferdig på vidaregåande. Som 8-åring byrja ho i Skogsvåg skulemusikk, som vart slege saman med Sund skulemusikk. Korpsmusikk vart ei stor interesse, og då ho var 16 år, tok ho steget opp i Sund Brass, som var berre for vaksne. Kristin var ivrig musikant der dei tre åra ho gjekk på vidaregåande.

Kristin har alltid vore kreativ og glad i formingsaktivitetar, så etter tre år med studiespesialiserande med formgjeving på vidaregåande, var det naturleg å ta eit år på klede- og designlinja på folkehøgskulen i Grong i Namdalen. Dette vart første året heimanfrå, noko ho var spenn klar for, og det vart eit spennande og gjevande år. Ja, det var så kjekt at Kristin søkte høgare utdanning innan kostyme- og teater. Ho sende inn opptaksprøve, men svara vart nei. Ho valde så å leggje det kreative til hobbyverksemd.

Etter folkehøgskulen jobba ho innan reinhald i Sund kommune og kunne bu heime igjen. Dermed fekk ho spart pengar og tenkt seg grundig om kvar vegen skulle gå vidare. Resultatet vart eit tre-årig studium på Høgskulen i Bergen, og fullførte ein bachelor i landmåling og eigedomsdesign. Ho kunne ha budd heime, men no ville ho ha noko for seg sjølv, så det vart hybel i Bergen i desse tre åra. Det er ikkje langt til Sund, så øvingane med Sund Bras gjekk ho ikkje glipp av.

Ferdig med studiet vart det jobb i eit entreprenørfirma i Stjørdal, og her vart ho send omkring på ulike oppdrag. Då måtte ho bu på brakker og jobbe 12-timarsdag mån-torsdag. Det vart ein brå overgang for ein nyutdanna arbeidstakar. Då Corona-nedstenginga kom, vart Kristin og fleire andre i firmaet oppsagde. Dermed gjekk turen heim att til Sotra og vaskejobbar, for inntekt ville ho sjølv sagt ha.

Det vart sendt nye jobbsøknader, blant anna på eit vikariat i fylkeskommunen på Leikanger og ein fast jobb i Bremanger kommune. Ho vart innkalla til intervju på Teams for begge jobbane



og fekk ja frå begge. Fordi fylkeskommunen var først ute, reiste Kristin til Leikanger, men då ho fekk ja frå Bremanger kommune og, fekk ho bli «løyst» frå fylkeskommunen og kunne setje kursen til Bremanger. Ho byrja i jobben her 5. mai 2021, og bustad vart Leirgulen. Der bur ho framleis, men har flytta frå loftet til hovudleilegheita over butikken. Formingshobbyane hennar er mange, så det var godt å få meir plass. Ho teiknar, målar, syr og heklar i tillegg til puslespellegging.

På jobben i kommunen vår trivst Kristin veldig godt. Ho har varierte oppgåver og kjekke kollegaer, og etter kvart er ho blitt godt kjend i heile kommunen.

Sjølvsagt fekk Smalsarhorn nyss i at Kristin er korpsmusikant, og frå hausten -21 fekk dei eit nytt medlem. Ho synest det er svært triveleg i korpset, og at dei har ein utruleg dyktig dirigent. Sjølvsagt spelar dei framleis marsjar til 17. mai, men musikkstykkane dei øver inn, har i den tida ho har vore med, hatt eit aukande nivå, og det er spennande, seier Kristin og ser svært nøgd ut. I tillegg til speling må medlemmane ta på seg oppgåver i dei arrangementa korpset har. Ho kjem og inn på at ho er vara til Soknerådet, men at dei faste der gjer ein så god jobb at ho til no ikkje har hatt oppdrag der.

Til slutt fekk Kristin spørsmål om korleis ho ser på tida framover, og svaret var om lag slik: Eg trivst godt her og ønskjer å arbeide i Bremanger kommune og bu i Leirgulen. Sjølvsagt skulle eg ønskje at helsa var betre, for eg har lyst å kunne nytte den nydelege naturen her meir enn i dag. Eg kunne og ha tenkt meg meir kontakt med andre i bygda, for eg blir mykje åleine på fritida.

Takk for ein triveleg prat, Kristin! God betring og ha ei fin adventstid og ei god jul heime på Sotra.

Litt frå Leirgulen idrettslag

Status merking av stien mellom Troda og Raudalskammen: i haust starta vi merkinga frå Troda i retning Raudalskammen. Vi gjekk tome for merkepinnar, så stien frå oppstiginga og opp til toppen av Raudalskammen er ikkje ferdigmerka. Vi tek sikte på å merke resten til sommaren. Dersom nokon skal til fjells i løpet av vinteren/våren, er vi takksame om de har høve til å frakte raude merkepinnar opp til varden på Raudalskammen. Ta i tilfelle kontakt med Merete K.

Trimrommet: det er kjøpt inn ellipsemaskin til trimrommet på Kolset, etter ønskje frå medlemmar. Plate med speglar er og snart på plass. Vi vurderer ønskjelista på tavla etter kvart som det kjem inn nye ønskje om utstyr.

Ønskjer du å få hjelp til korleis å nytte apparata og trene rett? Vi har lufta interessa blant medlemmane no i haust, men tilbakemeldingane har vore heller få. Dersom interesse for dette, ta kontakt med Espen.

Status Blålidflakjen: no er arbeidet ferdig, og Flakjen klar til bruk! Vi hadde planar om å markere dette med eit arrangement som ein del av Friluftslivets år no i haust, men av vermessige grunnar vart ikkje dette noko av. I staden satsar vi på eit arrangement i januar/februar, med «offisiell» opning, natursti, utdeling av premiar Fjelltrimmen, kaffi og kaker.

Georeg: etter nesten eitt år med Georeg syner tilbakemeldingane at det har gått stort sett greitt. Vi prøver å informere på LIL si facebookside, og via informasjon i postkassene på turmåla. Spørsmål om Georeg kan rettast til Eva H.

Barneidrettskurs vart arrangert på Kolset i haust. Dette vart kalla eit forenkla barneidrettskurs, og temaet var Gode økter i barneidretten. Å satse på kursing av vaksne/instruktørar kjem borna til gode i form av nye, kjekke leikar og motiverande aktivitetar.

Livredningskurs vart arrangert i regi av idrettslaget i haust, og fleire medlemmar deltok. Deltakarane fekk livredningsbevis som er gyldig i eitt år.

Bassenget på Davik er opna for «sesongen» og pleier å halde ope fram til vinterferien. Det er påkrevd at det er ein person med gyldig livredningsbevis til stades under bading. LIL sine medlemmar har høve til å nytte bassenget, ein kan ta kontakt med Kjell L. for meir informasjon. Sjekk også LIL si facebookside, der vi legg ut nyttig informasjon om aktivitetane våre m.m.

Familiebading torsdagar 17-19

Vaksenbading tysdagar 20-21

Bingo: vi arrangerte bingo i oktober – den fyrste bingoen på Kolset på minst ti år. Det kom mykje folk til Kolset denne fredagskvelden, også mange frå nabobygdene. Tilbakemeldingane viser at bingo er noko folk ønskjer meir av. Ein av kommentarane frå salen då vi takka for oss, var: det treng ikkje bli ti år til neste gong!

Quiz: for å skape aktivitet i romjula arrangerer vi quiz 27.des. Det er kjekt å samlast og møtast med bygdefolk og julegjestar, og vi håpar på godt oppmøte!

Grasrotandelen: du kan støtte idrettslaget vårt ved å registrere deg via tippekortet ditt når du tippar hos Norsk tipping. 7 % av summen du tippar for, vil då gå direkte til laget, og dermed kome tiltak i nærmiljøet ditt til gode. Dette er heilt kostnadsfritt for deg.

Vårt organisasjonsnummer: 986 124 691

Styret i LIL 2025:

Leiar:	Kjell Leirgulen
Nestleiar:	Merete Kolseth
Skrivar:	Therese Kolseth
Kasserar:	Espen Gulliksen
Styremedlem:	Hrafnhildur Eva Olafsdottir



Advent Og Jul I Rugsund Kyrkje

06. desember kl 1600: Julekonsert

**17. desember kl 1000: Barnehagen
kjem på besøk- pizza og brus og
julekaker, og det blir gang rundt
juletreet**

24. desember kl 1300

Julafta gudsteneste

Soknerådet vil takke alle som kjem til gudstenestene våre, og kulturkveldane vi har hatt.

Kyrkja er eitt viktig bygg for bygda vår, og kyrkja treng att vi støtter opp, viser oppslutning og har aktivitet.

Vi vil også sende ei ekstra takk til dei som gjer frivillig arbeid for oss.

No gler vi oss over att vi har fått fast tilsett sokneprest, som tiltrer i stillinga si i februar. Vi skal ta godt imot han.

Så vil vi ønskje alle ei fin adventstid, og håper alle får ei fin og god jul.

Helsing alle oss i Rugsund sokneråd

Gloføk

Det vart også i år jonsokfeiring på Gloføk, og jammen var veret fint denne gongen og!

Kreative sjeler hadde pynta borda og heile området med nydelege sommarblomar, og alt låg til rette for ein kjekk kveld.

Små og store kosa seg med god mat, leikar og moro. Dei trufaste spelemennene stilte opp og ga oss midtsommarstemning med den fine musikken sin. Det vesle brureparet kom sjøvegen, blomsterkransen var nydeleg og det vart ein sommarkveld å hugse. Takk til alle som kom og støtta prosjektet vårt!



Mange nytta høvet til å sjå på reisverket til gapahuken vi held på å bygge. Frivillege har nytta mange timar på jobben, og det vert veldig bra! No er pengekassa nesten tom, men vi satsar på å få bygd ferdig veggane m.m. før sommaren.



Vi sel lodd fram til basaren 30. november 2025, kr 5.- pr lodd.
Det ryktes om mange fine gevinstar 🍀 Vipps til Smalsarhorn skulemusikk på #137332.
Send gjerne ei melding til mobil 90477330 om kva namn vinnerloddet skal ha.